



Vethe Gardsbarnehage AS
Vethe
5700 Voss
Tlf: 56 51 41 00
e-post: vethebhg@online.no
heimeside: www.vethe.barnehageside.no

Vethe 21.06.10

Det Kongelige Kunnskapsdepartement

Høyring: Nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar i ein rammefinansierte sektor.

Vethe Gardsbarnehage AS starta opp hausten 2002. Barnehagen held til i 2. etg i driftsbygningen på eit gardsbruk med hovudvekt på sau. Barnehagen vert driven i nær tilknytning til livet på garden, me legg vekt på å vera mykje i aktivitet ute, laga sunn og tradisjonsrik mat både ute og inne. Barnehagen har utvida frå 8 plassar ved oppstart i 2002, til 18 plassar som me har no i dag. Barnehagen gjev plass til 18 born i alderen 1,5 til 6 år. Barnehagen har i dag 6 tilsette.

Barnehagen har desse åra drive både med underskot og overskot. Me hadde ikkje klart oss hadde det ikkje vore for åra med overskot, som har gått direkte til å dekkja tidlegare udekkja tap/underskot. Det har ikkje vore teke ut utbytte av evt overskot, alt har komme barnehagen til gode. Det har vore til tider vanskeleg å driva barnehagen, då økonomien alltid har vore eit usikkert moment. Det kommunale tilskotet slik det har vore siste åra har vore det usikre momentet, då me ikkje har fått vita kva me får i tilskot før i desember. Då er året gått, og det er lita moglegheit for å gjera endringar. Rekneark-modellen som har vore nytta er vanskeleg og gjev uforutsigbare tilskot. I slike situasjonar er overskot gode å ha til magrare år. Når statstilskotet no skal inn i rammefinansieringa, misser me eit av dei to sikraste og mest forutsigbare økonomiske haldepunkta me hadde i det å driva barnehage. (Det andre haldepunktet er foreldrebetalinga.)

Det viktigaste i eit nytt finansieringssystem er at me får system som gjev:

- 1) **Forutsigbarheit:** Me må på eit tidlegast mogleg tidspunkt i budsjettåret, helst 01.januar, vita kva midlar me har til disposisjon, slik at me kan driva barnehagen på ein fornuftig og forsvarleg måte, og disponera midlane på ein måte som kjem borna i barnehagen til gode.
- 2) **Enkelheit:** Det nye finansieringssystemet må vera enkelt å forstå, gje moglegheit til å kontrollera at tilskotet stemmer, og gje rom for etterprøving. Det må vera liten (helst inga) moglegheit for skjønsmessige vurderingar.
- 3) **Langsiktigheit:** Barnehagane må kunna driva langsiktig, det vil sei at me må kunne driva med eit anna mål for auga enn å overleva økonomisk kvart år.

Det nye finansieringssystemet ivaretek ikkje dei tre punkta om forutsigbarheit, enkelheit og langsiktigheit i tilstrekkeleg grad. Stykkprisfinansiering, slik statstilskotet er lagt opp no i dag, vil i mykje større grad sikra dette. Finansieringssystemet slik det ligg føre no, er for diffust, gjev for svake føringar og for mykje rom for bruk av skjønn. Ordlyden i forskrifta bør innehalda minst mogleg kan og bør. Det er meir styrande og forutsigbart å bruka skal og må.

8. Forslag til forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot:

Me har vidare fylgjande innspel til høyringsutkastet:

§ 1: "Formål og virkeområde" og § 3: "Likeverdig behandling"

Det bør komma tydelegare fram i sjølv forskrifta kva som ligg i likeverdig behandling. Sidan august 2005 har likeverdig behandling vore definert som at ikkje-kommunale barnehagar skal minimum 85% av det tilsvarande barnehagar eigd av kommunen mottek i offentleg støtte. Det skal frå 2010 vera ein opptrappingsplan på 5 år, der ein gradvis skal nærma seg 100% liveverdig behandling. Men det kjem ikkje tydeleg nok fram i forskrifta at det om 5 år skal vera 100% likeverdig behandling av godkjente barnehagar ved tildeling av tilskot.

§ 2: "Definisjoner"

Punkt d): Det bør komma tydelegare fram kva som ligg i særskilt høge kostnader: "Kommunale barnehager med særskilt høge kostnader til ordinær drift kan holdes utenfor tilskuddsgrunnlaget". Det må vera klart og tydeleg kva som kan definerast som særskilt høge.

For det fyrste meiner me at denne delen av punkt det som inneber særskilt høge kostnader kan strykast. Det er mange private barnehagar som også kan ha særskilt høge kostnader. Det vert ikkje rett at kommunen kan ta omsyn til dette og ikkje dei private. Det står i punkt d): "ordinær drift: alle kostnader ved basistilbudet i barnehagene, inkludert kapitalkostnader og administrasjonskostnader".

§ 3 Likeverdig behandling

Definisjon?

§ 4: Kommunens ansvar:

Det står minimum 88% av det tilsvarande barnehagar eigd av kommunen mottekk i offentleg tilskot, og inntil full likeverdig behandling er innført, det beste av 88% eller vidareføring av samme andel av gjennomsnittleg tilskot til tilsvarande kommunale barnehagar som året før. Kva med opptrappingsplanen på 5 år? Skal det vera 88% fram til full likeverdig behandling eller skal det aukast gradvis mot 100%. Bør og stå tidspunkt for kor tid 100% likeverdig behandling skal vera innført.

§ 5: Tilskudd til drift og § 7 Ekstra tilskudd:

I § 5 står det mellom anna at kommunen kan halda kommunale barnehagar med særskilt høge kostnader til drift utanfor tilskotsgrunnlaget. Når det står kan, vil dei aller fleste kommunar

halda barnehagar med høge kostnader utanfor, då dette vil vera billegare for dei. Me meiner denne delen av § 5 bør takast vekk, då den gjev for mykje rom for skjønn slik den står no utan nærare definisjon av kva særskilt høge kostnader er. I § 7 står det at kommunen kan gje ekstra tilskot til barnehagar med høge kapitalkostnader. Nok ein gong står det kan, og dei fleste kommunar vil truleg ikkje gje tilskot til ikkje-kommunale barnehagar med høge kapitalkostnader. Det er heller ikkje noko definisjon på kva ein meiner med høge kapitalkostnader.

I § 5 står det også om ein sats for born over 3 år og ein for born under 3 år. Dette kan vera med på å sikra forutsigbarheit, enkelheit og langsiktigheit. Men den kan gje variasjonar frå kommune til kommune. Summen over og under 3 år bør det ikkje vera kommunen som fastset. Det står og i § 5 at kommunane i forbindelse med årsbudsjettet skal fastsetja tilskotssatsar for drift. Det bør også komma fram kortid desse satsane skal gjerast kjent for ikkje-kommunale barnehagar, og kor tid endeleg vedtak og utbetaling skal skje. Dette er det veldig ulik praksis på i dag frå kommune til kommune.

§ 5 Tilskudd til drift og § 6 Tilskudd til kapital:

Todelte tilskotssatsar ut i frå drift- og kapitalkostnader kan fanga opp som forutsigbarheit, enkelheit og langsiktigheit dersom det er klare reglar for korleis kommunen skal rekna utgiftene til egne barnehagar. Reglane må vera tydelege på kva posteringar som skal komma fram på den enkelte barnehage eige rekneskap både når det gjeld basisdrift og kostnader i samband med hus/bygningar (leige/lån/avdrag), og kva posteringar som skal komma innunder administrative kostnader og bli fanga opp av 4% regelen.

Eit anna punkt under tilskot til drift er dette med kompensasjon for søskenmoderasjon. Det bør komma tydeleg fram korleis ikkje-kommunale barnehagar skal få kompensasjon for tapt inntekt grunna søskenmoderasjon. Ein slik kompensasjon skal dokumentarast.

§ 8 Barnehagens grunnlag for utmåling av tilskot.

Det står i forslag til ny forskrift av barnehagane skal rapportera inn tal born, alder på borna og opphaldstid 15.desember kvart år, som skal gje grunnlag for utmåling av tilskot året etter. Det er viktig at det er ein felles "teljedato". Men det er ofte i januar og august dei viktigaste endringane skjer i ei barnegruppe i høve til nye opptak, slik at å ta utgangspunkt i 15.desember vil ikkje alltid gje eit riktig bilde. Det står vidare at barnehagar med store aktivitetsendringar, til dømes oppretting eller nedlegging av ny avdeling, større gruppe eller ny barnehage, skal kommunen rekna tilskotet på nytt. Kva er ei stor aktivitetsendring? Små barnehagar kan ha store endringar sjølv om det ikkje vert oppretta ny avdeling/ større gruppe. Vår barnehage har frå oppstarten av 2002 auka gradvis frå 8 til 18 plassar, utan at det har ført til endring i utmåling av det kommunale tilskotet vårt. Seinast i 2006 auka me frå 12 – 16 plassar, ein auke på vel 33%. Det vart frå kommunen si side ikkje sett på som ein stor auke. Me vert framleis rekna kommunalt tilskot ut frå 2003-rekneskapen, som ikkje er representativ for dagens drift. Ein annan 2 avd privat barnehage i kommunen vår oppretta ei ny avdeling, og fekk endra utmålinga av det kommunale tilskotet sitt, då dette vart sett på som ein vesentleg auke, endå den i % var mindre enn vår. Ein stor 3 avd-barnehagen som auker med 1 ei avdeling, utgjer ein auke på 33%, lik auken me hadde. Dette viser berre kor urettferdig det kan slå ut når reglane er diffuse og manglar tydelege definisjonar og retningslinjer. Ein bestemt auke/nedgang i %, tal plassar eller born, er eit mykje betre mål for kva som er ein stor auke enn att det berre står store aktivitetsendringar.

§ 9 Endringer i grunnlaget for de kommunale tilskuddsatsene:

Det står at dersom kommunen gjev auka midlar til eigne barnehagar i løpet av året, skal også tilskotsgrunnlaget til ikkje-kommunale barnehagar aukast tilsvarende, det må utarbeidast nye satsar og fattast nye vedtak. Dette må vera slik. Men derimot bør det neste punktet i § 9 revurderast. Det står at dersom rekneskapen i kommunen viser at det har vore vesentleg større kostnader enn budsjettet, må dette skje over ein periode på 3 år før det evt fører til auke i tilskotsgrunnlaget til dei ikkje-kommunale barnehagane. Kva ligg i omgrepet vesentleg større? Kvifor må dei gå 3 år med meirforbruk før dette skal få konsekvensar for dei private? Korleis reknar ein desse 3 åra? Snitt på 3 år, eller overforbruk 3 år på rad? Kva om overforbruket gjenntek seg etter 1-2 år med normalforbruk? Korleis dokumentara dette, med tanke på å deretter kunna kontrollera og evt etterprøva dette i høve til satsane tilskota vert ubetalt etter? Dette kan føra til at kommunar bevisst spekulerer i. Konkretisering i forskrifta manglar. Punkt 3 bør stå slik det er.

§ 10 , § 12 og § 14

Ok

§ 11 Tilbakebetaling:

Dersom kommune gjer feil i utbetalinga, kan ein ikkje lasta barnehagen dersom det ikkje er sjølvstøtt at dei burde ha forstått at det var feil, og motteke pengane i god tru. Dersom barnehagen har gjort feil, skal det sjølvstøtt tilbakebetalast. Slik systemet er i dag er det veldig uforutsigbart, og bilaga frå kommunen som fylgjer med utbetalinga viser ikkje alltid kva summane gjeld. Eit anna viktig punkt når det gjeld utrekning og tildeling av tilskot, er at dei som vert sette til å administrera denne jobben er kvalifiserte til dette. Nokon må kontrollera at denne kompetansen faktisk er på plass i kommunen. Forvaltningslova må gjelda. Eit enkelt, forståeleg og oversiktleg system, vil gjera det lettare for alle å kontrollera at det er gjort riktige utbetalingar.

§ 13 Endringar i forskrifta

Det står at departementet kan føreta endringar i forskrifta om å auka minimumsforpliktelsen. Er det ikkje allereie bestemt at det skal vera ein opptrappingsplan over 5 år mot full likeverdig behandling? Det bør då stå at departementet vil føreta endringar for å oppnå full likeverdig behandling.

9. Forslag til regulering av uttak av verdier i barnehageloven

og

10. Forslag til forskrift om bruk av offentlege tilskudd og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar:

Me har fylgjande innspel til ny § 14 a i Lov om barnehagar og forskrifta om bruka av offentleg tilskot og foreldrebetaling.

Det er ikkje urimeleg at det kjem ei form for regulering av utbytte, der evt utbytte må sjåast i samanheng med evt eigenkapital eigarane har investert i eiga bedrift. Det er heller ikkje urimeleg at det kjem krav om dokumentasjon. Det er også viktig å få fram at dette er midlar som skal komma borna i barnehagen til gode.

Men det er urimeleg at evt utbytte av overskot i barnehagesektoren skal underleggjast strengare reglar enn andre som mottek offentleg støtte. Dei fleste ikkje-kommunale barnehagar er ikkje føretak som spekulerer i det offentlege sine tildelte midlar. Dei aller fleste private barnehagane er barnehagar som driv på ein slik måte at det kjem borna i barnehagen til gode. Ein må kunna driva med overskot for å kunne byggja seg opp kapital for å innvestera i større kostnader til beste for barnehagen, eller ha overskot å tæra på under økonomisk vanskelagere tider. Dei færraste barnehage-eigarar vil ta ut utbytte som medfører at barnehagen må leggja ned, eit livsverk som dei truleg har vore med å starta opp. Dei fleste eigarar av ikkje-kommunale barnehagar legg også ofte ned mykje gratis-arbeid i bedrifta, og ein kompensasjon i høve til dette er heller ikkje urimeleg, men då på bakgrunn av avt dokumentasjon. Det er nokon få som driv ikkje-kommunale barnehagar med det mål for auga at dei skal tena pengar på det utover evt den lønna dei får som evt tilsett i barnehagen. Det er desse få spekulantaer som gjer det kun for å tena pengar ein må bremsa.

Det er heller ikkje rett at kommunen kan krevja tilbake offentlege midlar dersom barnehagen vert seldt og dei som overtek skal fortsetja barnehagedrifta. Då bør tildelte midlar følgja barnehagen med dei retningslinene og vilkåra som gjeld tildelt kommunalt tilskot, og komma borna til gode. Dersom barnehagedrifta opphøyrer i løpet av året kan ikkje kommunen krevja tilbake meir enn det som evt er utbetalt med tanke på drift resten av eit budsjettår. Kapital som barnehagen har opparbeida seg over fleire år, meiner me kommunen ikkje kan krevja tilbakebetalt. Dette kan vera midlar barnehagen har hatt i reserve med tanke på økonomisk vanskelege år. Det kan vera ulike årsaker til at bhg avsluttar drifta. Det kan vera konkurs (då er det truleg ikkje noko att å betala tilbake), sviktande søkjarmasse som skuldast for mange tilgjengelege barnehageplassar, som vidare gjer av barnehagen vel å avslutta vidare drift. Det kan og skuldast til dømes at huseigar seier opp leigeavtalen, og at barnehagen dermed ikkje har nokon plass å vera lenger.

Me stiller oss undrande til at kommunen kan krevja tilbake evt foreldrebetaling frå ikkje-kommunale barnehagar? Det må i so fall vera foreldre som kan krevja å få tilbakeført dette. Dette er midlar kommunen ikkje kan disponera.

Til slutt vil me poengtera at 54% av dei 6700 barnehagane i landet faktisk er private, og at det i desse private barnehagane går 125129 born. Det er då viktig at me etter innføringa av eit nytt finansieringssystem har minst like mange born i dei private barnehagane. Det krev eit system som er forutsigbart, enkelt og som gjev rom for langsiktig planlegging av drifta. Det må då vera eit konkret og tydeleg regelverk som gjev lita eller inga opning for skjønsmessige vurderingar. Det må og vera eit system som ivaretek både små og store private barnehagar.

Vethe Gardsbarnehage AS

Anne Louise Flag Norheim
-SU- leiar i bhg-

Trude Vestrheim
-styreleiar-

Rigmor Ulvund
- dagleg leiar/styrar i bhg -